

Fiskeri- og kystdepartementet  
Landbruks- og matdepartementet



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
			Joralf Flataukan	02.02.2005

## Den blå-grøne matalliansen "Samla innsats – ny struktur"

### Høyringsfråsegn

Vi viser til innstilling frå styringsgruppe nedsett av Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet med frist før høyringsfråsegn 1. februar 2005 og sender med dette administrasjonen si utgreiing og framlegg til fråsegn frå Møre og Romsdal fylke. Saka vil bli politisk behandla i Nærings- og miljøutvalet (8/2) og Fylkesutvalet (28/2). Når politiske vedtak føreligg vil desse bli oversendt umiddelbart.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesdirektør

Joralf Flataukan  
Regional- og næringsdirektør

Med helsing

Namn  
tittel

Namn  
tittel

Vedlegg:



Møre og Romsdal fylke



## ■ saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
01.02.2005	2357/2005	Tormod Venvik

Saksgang:	
Nærings- og miljøutvalet	08.02.05
Fylkesutvalet	28.02.05

### Sak NM 06/05

## Den blå-grønne matalliansen - "Samla innsats - ny struktur" - Høyringsuttale

### Bakgrunn

Innstilling frå styringsgruppe nedsett av Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

Produksjon, tilverking, marknadsføring og sal av matvarer har mange felles trekk og problemområde, sjølv om det og kan vere ulikskap mellom landbruk, fiskeri og havbruk. Etter initiativ frå dei nemnde departementa vart det nedsett ei styringsgruppe, leia av direktør Finn Bergesen i NHO til å gå gjennom dei ulike sektorane sine forskningsinstitutt og -aktivitetar og foreslå strukturelle tiltak med mål å fremje effektivitet og synergieffektar.

### Visjon og mål.

Dei strukturelle tiltaka skal skape rammevilkår for tett forskingsfagleg samarbeid og arbeidsdeling mellom fiskeri- havbruks- og landbruksfaglege forskingsmiljø som:


- Tener det samla behovet til primærnæringane og industrien
- Møter kundane med heilskapsløysingar
- Sikrer betre utnytting av offentlege FoU-ressursar
- Sikrer framtidig konkurransekraft

Målet med arbeidet er å få ein infrastruktur for kunnskapsutvikling som:

1. Legg til rette for innovasjon og næringsutvikling
2. Tar vare på behova til forvaltninga
3. Tar vare på forbrukarane sine krav til trygg og sunn mat
4. Gjev norske forskingsmiljø internasjonal konkurransekraft
5. Sikrer dynamikk gjennom samarbeid og sunn konkurranse

### Omfang:

Dei institutta styringsgruppa har vurdert er Havforskningsinstituttet, NIFES (Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning), Fiskeriforskning og Nordconserv. Desse høyrer til under Fiskeri- og kystdepartementet. Veterinærinstituttet, AKVAFORSK og Matforsk høyrer til under Landbruks- og matdepartementet. SINTEF Fiskeri og Havbruk er eigd av ei sjølvstendig stifting er ikkje knytt direkte til noko departement. Andre vurderte institutt er Planteforsk, Jordforsk og NORSØK.



Figur 1) Lokalisering av de berørte instituttene

Akvaforsk: Hovedkontor på Ås, distriktskontor på Sunndalsøra og Averøy

Fiskeriforskning: Hovedkontor i Tromsø, distriktskontor i Bergen

Havforskningsinstituttet: Hovedkontor i Bergen, distriktskontor i Tromsø, Arendal, Matre og Austevoll

NIFES: Hovedkontor i Bergen

Norconserv: Hovedkontor i Stavanger

Planteforsk: Hovedkontor på Ås, distriktskontorer på Kapp, Grimstad, Nes på Hedmark, Stjørdal, Lofthus, Leikanger, Klepp, Tromsø, Heggenes, Bodø, Kvikne, Hellevik i Fjaler, Tjøtta og Svanvik

Matforsk: Hovedkontor på Ås

SINTEF Fiskeri og havbruk: Hovedkontor i Trondheim

Veterinærinstituttet: Hovedkontor i Oslo, distriktskontor i Sandnes, Bergen, Trondheim og Harstad/Tromsø



Møre og Romsdal fylke



## Framlegg frå styringsgruppa

Styringsgruppa føreslår at det etablerast ein ny struktur, der det vert ein skilnad mellom infrastruktur, forvaltningsretta og næringsretta oppgåver. Det vert føreslege å:

1. Etablere ein fellesarena – *Den blå-grøne matalliansen* for dei blågrøne forskningsaktørane.
2. Opprette eit infrastrukturelskap (aksjeselskap) som tek over dei gjeldande institutta sine havbruksstasjonar, men også dei som er drivne av universitet og andre.
3. Skilje næringsretta verksemd ut frå dei institutta som og er forvaltningsorgan.
4. Samle den næringsretta verksemda i eit holdingselskap (NOFIMA)

### Den blå-grøne matalliansen.

Målet med Den blå-grøne matalliansen er:

- Å dra nytte av synergieffektar.
- Sjå kunnskapsbehov og prioriteringar under eitt.
- Definere felles strategiplattform.
- Nytte økonomiske ressursar ut frå ei samla behovsvurdering.
- Målrretta og koordinert politisk styring

I ein slik allianse vil det vera naudsynt med eit felles rådgjevande og koordinerande organ. Eit slikt organ bør vere sett saman av alle partane og leiast av Noregs Forskningsråd.

### Havbruksstasjonar

I dag er det eit tjuetals ulike havbruksstasjonar i drift i Noreg. Eit eige selskap som eig og drive desse stasjonane vil medverka til klårare tilhøve mellom kunde og leverandør, meir rasjonell og effektiv drift, betre kvalitetssikring, spesialisering av kompetanse, større fagleg miljø og betre fleksibilitet, samla prioritering og betre kapasitetsutnytting. Stasjonane skal kunne dekkja alle sine kostnader gjennom prosjekta tufta på verkelege kostnader og prisar. Direkte driftsstønad skal gå ut.

### Grøn sektor (Bioforsk).

Frå 1. juli 2005 går Planteforsk, Jordforsk og NORSØK saman og dannar Bioforsk A/S. Ulikt fiskeri og havbrukssektoren, finst ingen instituttsektor for landdyrsida, men oppgåvene vert stetta av Institutt for husdyr- og akvakulturvetskap ved Noregs Landbrukshøgskule. Styringsgruppa finn det ikkje naturleg å leggja desse inn under "Den blå-grøne matalliansen".

Matforsk er eit fellesinstitutt for vidareforedling av primærproduksjon frå både plante- og husdyrsektoren, etter kvart også frå havbruk. Styringsgruppa foreslår at Matforsk vert fullt integrert i det blå-grøne selskapet.

### Forvaltingsretta forskning.

Forvaltning av primærnæringane møter utfordringar som i stor grad krev forskingsretta rådgjeving. Slik forskning vert i stor grad utført ved nokre av dei omhandla institutta, i første rekke gjeld dette Havforskningsinstituttet, NIFES og Veterinærinstituttet. Styringsgruppa ser det naudsynt å vurdere det framtidige tilhøvet mellom forvaltnings- og næringsretta forskingsverksemd med grunnlag i følgjande problemstillingar:

- Store grunnløyvingar og direkte kjøp av FoU-tenester kan nyttast til kryssubsidiering og gjev samstundes kunnskapsbygging. Dette kan vere konkurransevridande i høve til oppdrag, forskingsprogram og prosjekt.
- Finansiering frå næringsinteresser kan rokka ved habiliteten til forvaltingsretta forskingsinstitutt.
- Dei forvaltingsretta institutta må stette samfunnets kunnskapstrong.
- Næringsretta forskning krev ein annan form for kunnskap.

På den andre sida er det naudsynt å unngå oppbygging av dobbelkompetanse. Det vil og på mange område vere synergieffektar mellom forvaltningsretta og næringsretta forskning.

Styringsgruppa foreslår at næringsretta verksemd vert skild organisatorisk frå forvaltningsverksemd. Dette må likevel ikkje hindre ei rasjonell arbeidsdeling og oppdrag frå næringslivet må kunne utførast ved forvaltingsinstitutta når:

- Dei ikkje kjem i konflikt med habilitetsomsyn.
- Dei ikkje kan utførast av dei næringsretta institutta.
- Temaet er del av eit kjerneområde ved forvaltningsinstituttet.

### Næringsretta forskning.

Noreg er verdsleiande på fleire FoU-område innanfor fiskeri og havbruk. Dagens organisering av dei frie institutta er oppdelt og prega av ressursøydande konkurranse og ikkje stetta til å løyse dei store utfordringane til næringslivet. Styringsgruppa meiner det er naudsynt å samle kreftene i eit selskap med stor tyngde, sterk drivkraft og naudsynte fullmakter og vil difor at det opprettast eit holdingselskap – *Norsk fiskeri- og matforskning A/S, NOFIMA* – som skal ta over interessene i Akvaforsk, Fiskeriforskning, Matforsk, Norconserv, SINTEF Fiskeri og havbruk samt den næringsretta delen av Havforskningsinstituttet. Den faglege profilen på det nye konsernet skal vere næringsretta og omhandle:

- Forskningsstøtte til eksisterande verksemd.
- Forsking retta mot nytt næringsliv.
- Næringsretta oppdrag/forskning for det offentlege.
- Forsking for fagleg utvikling, kunnskapsheving og utdanning.

Når det samla konsernet er i drift, vil det bestå av tre einingar: Biologi, Teknologi og Foredling. Samla driftsinntekter vil vere om lag 450 mill. kroner og det vil utøvast omlag 500 årsverk.

Skisse til organisering er lagt ved.

### Vurdering

Møre og Romsdal er landets største fiskeri- og havbruksfylke. Fylket har og ei stor og omfattande landbruksnæring og til saman gjer det at fylket blir det viktigaste innanfor matvaresektoren i landet.

Fiskeri- og havbruksnæringa har i alle år levd i ei verd med sterk internasjonal konkurranse. Landbruket opplever og ein stadig sterkare konkurranse. Med eit høgt kostnadsnivå, til dels vanskelege klimatilhøve og stor avstand til marknaden må ein difor ligge i fremste rekke med omsyn på kunnskap, effektiv produksjon og kvalitet på produkta.

I ein slik samanheng er forskning og utvikling vesentleg. Som stor matvareprodusent bør Noreg vere verdsleiande innanfor matvareforskning og kunnskapsressursane må difor nyttast på best mogleg vis. Dette er i særskild grad viktig for vårt fylke.

Om Noreg skal verte leiande innan matvareforskning, må det vere eit tett samband mellom næring og FoU-institutta. Når store deler av matvareindustrien er samla i dette fylket, må det og vere rett at det er stor aktivitet når det gjeld FoU i fylket. AKVAFORSK er verdsleiande innanfor forskning på ernæring, genetik og kvalitet og har tyngda av sine aktivitetar ved stasjonane på Sunndalsøra og Averøy. I tillegg til Aquaculture protein Centre ( enter for fremragende forskning) gjort investeringer og har store delar av si forskning på Sunndalsøre.

Ved Møreforskning i Ålesund er det bygd opp eit sterkt miljø innanfor sjømatforskning i nært samvirke med Biotech møre og "Center of Expertise".

Aktivitetane ved desse institutta er særst viktige for heile næringa og for Møre og Romsdal fylke. I budsjettet for 2003 vart det difor sett av kr 2.000.000,- til nyteikning av aksjar i AKVAFORSK. Om fylket vert medeigar, er det og sett av om lag 1,1 mill. kroner til årleg driftsstønad. Eigarstrukturen i AKVAFORSK er enno ikkje avklart, og i 2004 vart driftsstønaden gjort om til prosjektstønad. Tilbodet om ny aksjekapital og driftsstønad står ved lag i 2005.

Til Møreforskning og "Center of Expertise" er det og sett av midlar til driftstilskot. Samla er det sett av kr 3.641.000,- til desse 3 institutta i budsjettet for 2005.

AKVAFORSK er internasjonalt kjent med omsyn på kompetanse innafor genetik, ernæring og kvalitet i akvakultur. SINTEF i Trondheim er Noregs største forskingsorganisasjon og den einaste med internasjonal storleik. SINTEF Fiskeri og Havbruk har i stor grad komplementær kompetanse i høve til AKVAFORSK. Ei nær kopling mellom Noregs leiande matvarefylke, Noregs leiande bioviskapelege miljø og Noregs leiande teknologimiljø vil gje stor synergieffekt.

### **Samordning landbruk – fiskeri/havbruk.**

Sjølv om landbruk, fiskeri og akvakultur er ulike på mange område, er det også mange likskapstrekk, spesielt med omsyn på tilverking, produktutvikling og marknadsføring. Fiskeri og havbruk har brei erfaring i internasjonal konkurranse, landbruket har høg kompetanse innanfor produktutvikling, vidareforedling, merkevarebygging og logistikk. Ei samordning av Matforsk og fiskeri- og akvakulturinstitutta vil kunne gje synergjar på nokre område. Ein må likevel her ta omsyn til at desse næringane opererar under sers ulike marknadstilhøve og unngå interessemotsetnader på dette grunnlaget. Produksjonsmessig har akvakultur og landbruk mykje til felles ved at avl, for helse og produksjonsrelatert kvalitetsstyring er sentralt for pårekeleg og kostnadseffektiv produksjon. Desse felta har vore viktige i samvirke mellom tradisjonelle landbruksvitskapelege, veterinære og akvakulturmiljø.

### **Samordning av fiskeri- og havbruksinstitutta.**

FoU-verksemda innanfor fiskeri- og havbruk har som det går fram, vore spreidd på mange ulike institutt. Som styringsgruppa peiker på har dette til dels ført til uheldig oppstyking og konkurranse. Med knapp tilgang på finansiering vert det også lagt ned unødig store ressursar frå institutta i prosjektsøknader og konkurranse om prosjektmidlar. Det kan ut frå dette vere vinst i å få samordna aktivitetane i institutta og gje brukarane eit samordna tilbod gjennom eit felles eigarskap.

Den administrative vinsten kan bli vesentleg ved ei samordning av mange mindre institusjonar. Størst rasjonalisering kan ein få ved å skape eit nytt selskap med eige styre og avdelingar for dei gamle institusjonane . Alternativet er eit holdingselskap på toppen med institusjonane som eigne selskap. Det er viktig at selskapsleiinga har operasjonelle og økonomiske verkemidlar. Ei samordning vil kreve ressursar for å kunne lukkast

Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at dei "mange blomane" har ført med seg stor iderikdom og dynamikk. Ein må difor ikkje forme ein organisasjon som hemmar initiativ og tiltaksløst. Dei ulike einingane må difor ha høg grad av sjølvstende innanfor felles rammer.

### **Tilhøvet mellom forvaltningsretta og næringsretta forskning.**

All forskning må vere truverdig og ikkje vere påverka av særinteresser. Ålmenta må ha tillit til at forvaltninga ikkje er basert på forskingskunnskap styrt av næringsmessige særinteresser og næringslivet må ha tillit til at politiske særinteresser ikkje får styre kunnskapsutviklinga. Dette gjer det naudsynt med klåre køyrereglar for forskinga.

Likevel er det ofte slik at forskingsprosjekt omhandlar problem som er sentrale både for næring og forvaltning. (eks. problem omkring lakselus). Då er det viktig at prosjekta ikkje vert prega av særinteresser, verken frå næring eller forvaltning. Forskinga skal på eit sjølvstendig grunnlag svare på spørsmål og hypoteser. Det viktigaste er at dei spørsmåla som blir reist og blir forska på . Det avheng av finansiering (offentleg eller frå næring).

Å skilje forvaltningsmessig og næringsmessig forskning fullt ut kan lett føre med seg at det oppstår motsetnader. Næringsretta og forvaltningsretta forskning vil og bygge på samme kunnskapsgrunnlaget i den forstand at den kunnskapen som er nødvendig for kommersielle prosjekt er etablert i forskingsprosjekt på oppdrag frå forvaltninga. Det kan lett bli bli dårlegare ressursutnytting å bygge to "parallele miljø."

Krav til habilitet og sjølvstende kan stettast gjennom klåre reglar for styring, gjennomføring og kvalitetssikring av forskinga. grunn. I eit felles selskap må det og vere mogleg å syte for at forvaltningsløyvingar ikkje vert nytta til subsidiering av konkurranseutsette prosjekt.

### **Organisering av havbruksstasjonar.**

Havbruksstasjonane har vore sers viktige verktøy for kunnskapsutviklinga innanfor havbruk. Desse stasjonane er ulikt finansiert og arbeider under til dels sers ulike vilkår. Det synes og å vere ein overkapasitet i høve til det som er naudsynt med omsyn på mogelege prosjekt.

Ein ser klåre føremoner i at drift og finansiering havbruksstasjonane vert samordna og gjevne likeverdige vilkår. Ein forskingsstasjon kan samanliknast med eit laboratorium, der forskarane må har nær kontakt med og stor innverknad på verksemda. Dette gjer at stasjonane helst bør eigast og drivast av dei einingane dei gamle eigarinstitutta går inn i. Dette må likevel ikkje hindre at dei andre einingane får tilgang til alle stasjonane. Dei ulike stasjonane får utvikle sine sterke sider tufta på det grunnlaget og kompetansen dei har frå før. Som for forskinga er det og viktig at mangfelde, iderikdom og dynamikk får utvikle seg.

### **Tilhøvet til regionale forskingsinstitutt**

Utgreiinga "Den blågrøne matalliansen" tek ikkje for seg dei regionale forskingsinstitusjonane med aktivitet innan blå-grøn matvareforskning. Nokre av desse institutta er aktive i høve til næringsretta og bedriftsretta FoU. For fleire av institutta , m.a. Møreforskning , er verksemd inn mot landbruk og/eller marin sektor ein viktig, men samstundes integrert del, av den samla verksemda. Det er ikkje naturleg å trekkje denne delen ut frå den verksemda desse institutta elles driv.

Det vil vere viktig at det blir lagt til rette for samarbeid mellom dei regionale institutta og det nye forskningsselskapet . I tillegg til at nokre av dei regionale institutta har naturvitskapleg kompetanse, har alle institutta ein betydeleg samfunnsfagleg kompetanse med relevans for utviklinga av dei aktuelle næringane. Med sin nærleik (geografisk og kulturelt) til viktige næringsaktørar, vil desse institutta kunne spele ei viktig rolle som bindeledd mellom bedriftene regionalt og forskingskonsernet.



Dersom det blir etablert eit Rådgivande og koordinerande organ - Den blå-grønne matalliansen- der Forskingsrådet har sekretariatsfunksjonen., ser vi det som viktig at dei regionale institutta er representerte her.

## Fylkesdirektøren sitt framlegg til uttale.

- Møre og Romsdal er det største fiskerifylke i landet og mellom dei tre største innafør havbruk. Landbruksnæringa er og stor og omfattande og til saman vert Møre og Romsdal det viktigaste matvarefylket i landet. Møre og Romsdal har derfor stor interesse av korleis forskning på dette området vert organisert.
- For at næringane skal kunne utvikle seg i ei tid med stadig sterkare internasjonal konkurranse, må det ligge til grunn god og effektiv innsats innanfor forskning og utvikling. Når bedrifter innan akvakultur etterspør bistand frå forskingsinstitusjonar er det gjerne prosjekt som femner over fleire fagområde som til dømes biologi, foredling, teknologi og storskala utprøving. Det kan vere avgjerande viktig sett frå bedriftssida at desse tenestene er tilgjengelege utan å måtte engasjere fleire forskingsinstitutt og stasjonar på same prosjektet.
- Møre og Romsdal fylke ser framlegget frå styringsgruppa om å samle eigarskapen i eitt statleg selskap (NOFIMA) som eit rett steg for å samle Staten sine eigarinteresser i FOU-institutt innan det blå-grønne området. Det bør vere opning for at NOFIMA kan eige dotterselskap saman med andre offentlege eigarar med særleg interesse for forskning som reiskap innan utvikling av næringslivet.
- Møre og Romsdal fylke finn det ikkje rett å skilje næringsretta og forvaltingsretta forskning. Mykje av den kunnskapsbasen næringsretta forskning er avhengig av for å gå inn i kommersielle prosjekt er skapt av forskning for forvaltninga. Eit skilje vil kunne føre med seg dårlegare ressursutnytting og gjere det mogleg at særinteresser får sette preg på arbeidet.

Møre og Romsdal fylke meiner at det er viktig å etablere eit slagkraftig selskap som ein spydspiss innan sitt område i den internasjonale marknaden.

- Havbruksstasjonane i Møre og Romsdal er mellom dei best utvikla og mest veldrivne og må oppretthaldast . Stasjonane bør difor vere eigt av integrerte selskap som omfattar både forskingsaktivitet og utprøving i stasjonane. Havbruksstasjonane må og i framtida omfatte forskarar som er fast stasjonerte der.
- Møre og Romsdal er eit tyngdepunkt innanfor biologisk forskning og kunnskapsutvikling i akvakultur. Stasjonane på Sunndalsøra og i Averøy har også geografisk nærleik til SINTEF Fiskeri og Havbruk, det leiande miljøet innanfor teknologi. Eit samvirke mellom Møre og Romsdal fylke, SINTEF Fiskeri og Havbruk i Trondheim og AKVAFORSK vil sikre ei tett kopling mellom Noregs leiande matvarefylke, Noregs leiande biovitenskaplege miljø og Noregs leiande teknologiske miljø. Ei slik integrert eining kan difor utgjere eit av dotterselskapa innanfor NOFIMA, der SINTEF og Møre og Romsdal fylke kjem inn som nye medeigarar saman med Averøy og Sunndal kommunar og NOFIMA der NOFIMA er majoritetseigar.

Eit slikt selskap, **SINTEF/AKVAFORSK AS** vil ha ein svært stor del av sine inntekter frå oppdrag og utgjere ein internasjonal spydspiss innan avl/genetikk, marint for og teknologi. Samstundes vil eit slikt selskap kunne ha eit stort potensiale innan forskning på bruk av spillvarme i akvakultursamanheng (ref Hydro Aluminium Sunndal) der arbeid alt er i gang.

- Dersom det blir etablert eit rådgivande og koordinerande organ - Den blå-grønne matalliansen, der Forskingsrådet har sekretariatsfunksjonen., ser vi det som viktig at dei regionale institutta med aktivitet innan det blå-grønne området er representerte der.

- Noreg er leiande på mange sektorar innan matvareforskning. Skal denne posisjonen haldast og utviklast vidare, må dei totale løyvingane til FoU aukast.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesdirektør

Joralf Flataukan  
Regional- og næringsdirektør

Vedlegg: "Samlet innsats og ny struktur" – samandrag  
Skisse til organisering.